

Hordaland fylkeskommune  
v/Samferdselsavdelinga

#### Uttale – søknad om midlar til utvida TT-ordning 2017

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) viser til brev av 19. april 2017 og til møte med samferdselsavdelinga den 3. mai d.å.

RMNF vil be om at Hordaland fylkeskommune nyttar høvet til å søkje om midlar til utvida TT-ordning, og vi ber om at følgjande moment vert veklagt i søknaden:

- Samferdselsavdelinga sine eigne utrekningar med bruk av dagens TT-ordning viser at både gruppa blinde/sterkt svaksynte og gruppa rullestolbrukarar med elektrisk rullestol og behov for spesialtransport, har stor utnyttingsgrad av dagens TT-ordning. Gruppene vil ha stort behov for auka midlar for å vere aktive og for å kunne delta i samfunnet. RMNF meiner at begge gruppene må omfattast av søknaden.
- Verdien på beløpet det vert søkt om skal i utgangspunktet inkludere 200 turar pr. TT-brukar. Dersom midlane vert avkorta vil RMNF foreslå at antal turar vert redusert. TT-ordninga skal plussast på det eksisterande TT-tilbodet som gjeld idag.
- RMNF rår til at Hordaland fylkeskommune søker om heile den resterande summen på kr. 17,5 mill. Dersom Hordaland vert eit av fylkene som inngår i prøveordninga vil ein på nasjonalt plan også sjå verknadene av eit fylke med både distrikt og med ein storby.

Uttalen til søknad om utvida TT-ordning 2017 vart handsama i AU-møte i RMNF 5. mai 2017.

Kjell Håland  
Leiar RMNF